
Saksnr: 2020/36671-38
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

Regional transportplan 2022 - 2033 - Høyringsutkast

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sender med dette utkast til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet.

Samandrag

Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 vert no sendt på høyring saman med utkast til handlingsprogram, utkast til strategi for mjuke trafikantar og utkast til strategi for berekraftig mobilitet. Høyringsutkastet vert sendt ut til kommunar, samarbeidspartar og interessentar, i tillegg til at det vert lagt ut på Vestland fylkeskommune sine nettsider for offentleg ettersyn.

Planen har fem plantema; fylkesvegnettet, mobilitet og kollektivtransport, Miljøløftet, finansiering og nasjonale ansvarsområde. For kvart plantema er det skissert mål og strategiar som set retning for det vidare arbeidet innan samferdselssektoren i Vestland. Planen er eit strategisk dokument, medan handlingsprogrammet set rammer for korleis vi skal gjennomføre planen.

Administrasjonen ser ikkje på utkastet som ein ferdig utarbeidd plan, men er i ein fase der vi no ønskjer innspel før vi fullfører planen og legg den fram til politisk handsaming.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift


Vedlegg

- 1 Regional transportplan Vestland 2022 - 2033 - Høyringsutkast
- 2 Handlingsprogram for Regional transportplan Vestland 2022 - 2033 - Høyringsutkast
- 3 Strategi for mjuke trafikantar - Høyringsutkast
- 4 Strategi for berekraftig mobilitet - Høyringsutkast

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 (RTP) er ein strategisk plan for samferdselssektoren i Vestland. Planen skal bidra til å sikre heilskapleg og berekraftig utvikling av sektoren, og legg politiske føringar for heile planperioden. RTP er forankra i regional planstrategi «Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024». Der vert det peika på at planen skal famne om fylkesvegnettet, kollektivtransport, trafikktryggleik, næringstransport og skredsikring.



Figur 1: Strukturen til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033

Figur 1 viser oppbygginga til planen. I hovuddokumentet finn ein mål, delmål og strategiar for samferdselsfeltet i Vestland fylke. Plandokumentet har fem plantema; fylkesvegnettet, mobilitet og kollektivtransport, miljøøftet, finansiering og nasjonale ansvarsområde.

RTP har i tillegg ei rekkje vedlegg som samla sett utgjer underlaget for prioriteringane og handlingsprogrammet. Kunnskapsgrunnlaget er digitalt og ligg på Vestland fylke sine nettsider ([her](#)). Det inneheld fakta om transportsystemet i Vestland, inkludert mellom anna reisevanar, klimagassutslepp, trafikktrygging, kartdata om Vestland og demografiske trekk som påverkar mobiliteten for innbyggjarane.

Handlingsprogrammet til RTP er eit program for gjennomføring av planen. Her er satsingsområda skissert og vidare prosess for investeringsprogrammet er omtala. Det vert gjeve eit oversyn over potensielle utviklingstiltak for alle plantema. Investeringsprogrammet baserer seg på porteføljestyring som prinsipp. Det inneber at rekkjefølgja av tiltaka skal vurderast kvart år ut i frå ei samla vurdering av grad måloppnåing, lønsemd, disponible midlar, kostnader, planstatus, samt kapasitet på planlegging og gjennomføring. Per no har ikkje investeringsprogrammet lister over tiltak.

I samband med RTP er det utarbeidd to sjølvstendige strategiar. Strategiane peikar på vegval, satsingsområde og mål innan sine fagområde. Strategiane har ikkje eigne handlingsprogram, men vert følgd opp gjennom tiltak i handlingsprogrammet til RTP.

Faglege grunnlag og utgreiingar er utarbeidd for einskilde område og vegobjekt. Dei synleggjer bakgrunn for dei vala som er tekne og dannar grunnlag for prioriteringsrekkefølgjer. Alle grunnlagsdokumenta vert sett i samanheng for å sikre måloppnåing. I utgreiingane er det i tillegg henta inn erfaringar frå andre område og desse er analysert i lys av Vestland sine behov. Alle dokument er publisert på [nettsida](#) til Regional transportplan.

Hovudmålet til RTP vart drøfta i fylkesutvalet i PS1/2021, og er: *Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.* Planen skisserer korleis vi kan nå dette målet.

Når planen no vert sendt på høyring vil vi be om tilbakemeldingar på mål, innhald, strategiar og tiltak i handlingsprogrammet.

Vedtakskompetanse

SAMO kan gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde. Fylkesutvalet sender regionale planer på høyring.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Ingen økonomiske verknader av å sende planen på høyring, men tiltak i handlingsprogrammet til RTP vil fungere som innspel til framtidige budsjettprosessar.

Klima:

Ingen verknader på klima av å sende planen på høyring, men planen skisserer fleire tiltak og verkemiddel for å få ned klimagassutslepp.

Folkehelse:

Ingen verknader på folkehelse av å sende planen på høyring, men planen skisserer fleire tiltak og verkemiddel for å betre folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplanen legg føringar for innhaldet i planutkastet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at vi no sender Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 på høyring, saman med handlingsprogrammet, strategi for mjuke trafikantar og strategi for berekraftig mobilitet. Administrasjonen vil jobbe vidare med planen basert på dei innspela som kjem fram, og legge saka fram for endeleg vedtak i Fylkestinget desember 2021.